

SAUHERAD HISTORIELAG - ÅRSMELDING FOR 2011

Året 2011 har vore eit interessant og givande år for historielaget ved at ein har feira dei fyrtse 25 åra av lagets historie, og at ein i samband med dette har utnemnd dei 3 fyrtse æremedlemmar.

Året starta med årsmøte den 16. februar på Sauherad folkebibliotek med som vanleg godt frammøte.

Styret for 2011 har vore:

Bjørn Holta, Nils Olav Haugen, Gunhild Haugerud, Olav J. Haukvik og Ole Thor Ripegutu, med fyrtne med som formann. Varafolk har vore Asbjørn Dyrud og Nils Leidulf Nerisrud. Kasserar fram til sommaren 2011 var Nils Leidulf Nerisrud, men da han ba seg frittatt fra vernet tok Asbjørn Dyrud på seg denne jobben. Revisorar/valnemnd har vore Aslak Gunnheim og Kittil Dyrud. Gunhild Haugerud har òg vore lagets representant og leiar av Sauherad Lokalhistoriske arkiv. Medlemstallet ved utgangen av året var 53 betalende medlemmar, og økonomien i laget er god.

Det er i året som er gått halde 5 styremøte og 2 medlemsmøte, i tillegg til jubileumsfeiringa. Den 7. september hadde laget samling i Sauherad kyrkje, der Torbjørg Holtestaul holdt eit interessant foredrag om «altertavla og korhueveggen» i kyrkja. Seinare på hausten, den 17. november var det møte på Gvarv skule der fylkeskonservator Tor Kjetil Gardåsen fra Telemark Museum kåserte om gamle byggeskikkjar i Sauherad.

Sauherad Historielag blei stifta den 5. oktober 1986. 25-års markeringa blei halde på Norsjø Hotell den 22. oktober i haust. Desverre hadde ikkje alle medlemmane anledning til å vere tilstades. Tidlegare kultursjef i Tinn kommune, nå ko-ordinator for arbeidet med verdsarvlista, Øystein Haugan heldt eit mykje interessant og underhaldende foredrag om arbeidet med dette, der han m.a. fortalte om utviklinga av Tinn-samfunnet fra eit fattigt bondesamfunn til utbygging av storindustrien på Rjukan for vel 100 år sidan. Etter foredraget gjekk deltakarane til festbordet og lot maten smake. Under middagen hadde styret glede av å dele ut diplom til lagets 3 fyrtse æresmedlemmar, Arnt Håtvit, Kittil Prestholdt og Olav Klever for langt og trufast arbeid for historielaget.

I tillegg til eigne arrangement har laget vore representert ved Sauheraddagane, Norsk Eplefest og minnekonsert på Flathus for Myllarguten. Vidare var laget med på informasjonsmøte arrangert av Statens Vegvesens ang. vegparsellen Sannes-Årnes, pressekonferanse med Narekollens Venner ang. tildeling av DNB's gavefond til opparbeiding av kultursti til Narekollen og div. møter vedr. kulturminneregistrering i bygda. Laget er òg med i arrangementet av Pilegrimsvandring i mai 2012.

I samband med jubileumsmarkeringa gav laget ut boka «Saude og Nesherringer i Amerika». Boka er skiven av 4 utflytta bygdefolk og gjeve ut i 1920. Olav Klever har «omsett» fra gotisk skrift, og laget har gjeve ut boka på nytt. Etterspurnaden har vore stor, og fyrste opplag er så godt som utselt. Fra tidlegare har laget gjeve ut bøkene om Hallvard Gråtopp, og historia om utvandringa fra Sauherad.

Laget har fra DNB's Gavefond fått ei tildeling på i alt kr. 100.000,- til bokprosjekt om stulslivet på Sauheradfjella. Forfattarane, som bur i Skien, er i gang med arbeidet, og laget tar sikte på å gje ut boka hausten 2012. Dette er eit spennenda prosjekt som styret ser fram til å realisere.

Styret takkar medlemmene for interesse og god oppfølging av laget sine aktivitetar.

Styret